



Nordhordland Utviklingsselskap IKS  
Kari Evensen Natland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2052 - 15/14128

Saksbehandlar:

Kristin Nåmdal

kristin.namdal@meland.kommune.no

Dato:

09.07.2015

## Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland - administrativ høyring

### Bakgrunn

Regionrådet i Nordhordland gjorde 25.01.13. vedtak om å starte opp arbeidet med ein interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland.

Føremålet med nærings- og samfunnsplanen er å førebu Region Nordhordland på auka vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv. Nærings- og samfunnsplanen er ein plan for kommunane i Nordhordland og for Nordhordland utviklingsselskap (NUI). Mål, strategiar og handlingspunkt skal leggjast til grunn for kommunane sitt arbeid med å tilretteleggja for næringsutvikling.

### Administrativ høyring

Dette er ein kommentar til planframlegget frå administrasjon i Meland kommune. Plangruppa ynskjer å involvere administrasjonen i kommunane før den offentlege høyringa av planen for å sikre eigarskap og forankring av planarbeidet.

### 1. Generelle kommentarar

#### Kobling mellom regionalt og interkommunalt nivå

Det må vere samanheng mellom næringsplanen og planar på regionalt og interkommunalt nivå. I plandokumentet nokre er lista opp under «Forholdet til andre planar» til dømes regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 som er utført via Business Region Bergen (Brb). Her burde ein knyte dei relevante måla i dei overordna planane sterkare saman med mål og strategiarbeidet i næringsplanen.

Under overskrifta «Forholdet til andre planer» saknar vi og nokre planar som regional plan for attraktive senter i Hordaland, og regional areal og transportplan( som er førande for den regionale utviklinga også i høve til næringsutvikling). Vidare er regionalt bygdeutviklingsprogram, Hordaland 2013-2017 (Fylkesmannen i Hordaland) eit dokument som burde vore teke med.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Strategisk næringsplan for Bergensregionen

I den politiske behandlinga av Strategisk næringsplan for Bergensregionen var det tre punkt Meland vil prioritere å følge opp. Desse punkta er og knytt til vårt handlingsrom som organisasjon for å få gjennomført ein strategisk næringsplan. Dette gjeld følgjande punkt:

- Tiltak knytt til fysisk og sosial infrastruktur

Tiltak 2. Regionen sine digitale konkurransevilkår

- Tiltak knytt til effektive offentlege tenester

Tiltak 4. Utvikla eit samordna tenestetilbod knytt til plan -og søknadsprosesser på tvers av kommunegrenser.

Tiltak 5. Beredskapsklynge

- Tiltak knytt til å bygge eit regionalt omdømme

Tiltak 6. Bygge eit regionalt omdømme for Bergensregionen.

Nokre av desse punkta kunne vurderast å takast med i strategiar i næring -og samfunnsplanen.

## **2. Mål og fokusområde**

Som ein overordna merknad til den interkommunale nærings- og samfunnsplanen, så saknar me mål og strategiar knytt til å bygge eit regionalt omdømme/ merkevare av regionen nordhordland.

Her tenker me på å vise korleis det offentlege kan bidra til å gjere regionen kjent som ein attraktiv stad å drive, etablere næringsverksemd og leve og bu i. Dette bør vere i ein svært sentral del av ein interkommunal næringsplan, då samarbeid/nettverksdanning er avgjerande for å byggje eit godt regionalt omdømme. For å løfte dette tema og knytte det opp mot nettverksbygging, burde det vore eit eige fokusområde og delmål i planen.

Som ein strategi ynskjer vi og mål om å samla kompetanse og kunnskap i ei felles nettverk/produktpakke. Til dømes var Meland var i 2014 best på etablering. Det er mange enkeltmannsforetak og mindre nyetableringar med kompetansearbeidsplassar som veks fram i regionen. Korleis skape gode nettverk og korleis profilere desse betre? Dette bør og vere tema under dette fokusområde.

## **3. Fokusområde, delmål og strategiar**

### Småskala næringsutvikling

Vidare ynskjer vi meir fokus på småskala næringsutvikling i planen, knytt opp mot natur og kulturbasert reiseliv. Vår region er mangfoldig og ein store del har svært gode naturgitte høve for å skape gode vekstbedrifter knytt opp mot landbruk og lokalmatproduksjon. Det er alt etablert gode døme på arbeidsplasser innan lokalmatproduksjon, inn på tunet, opplevingsturisme og kulturbasert næringsutvikling. Vi ligg nært Bergensmarknaden og dette er ei etterspurt vare.

Viktige pågåande prosjekt som bør løftast opp og fram i næringsplanen er lokalmatprosjektet «Smaken av Nordhordland» og Biosværeprosjektet.

### Framlegg til mål til småskala næringsutvikling:

Auka matproduksjon

Tiltak:

Auka grovforproduksjon i nordhordland

Fokus på lokalmatproduksjon.

Styrke rekruttering til landbruk og bygdenæringar

Vidareutvikle prosjektet «Smaken av Nordhordland»

#### **4. Næringsliv**

*Mål: Næringslivet i Nordhordland skal vere nyskapande og robust.*

Innspel i høve til strategi:

Framlegg til nytt punkt i handlingsplan: Å forsterke det interkommunale tverrsektorielle nettverket på plan og næring. Etablere faste møtepunkt.

#### **5. Bumiljø og tettstadutvikling**

Byer og tettstader får ein stadig viktigare rolle i næringsutvikling, verdiskaping og har ein funksjon som knutepunkt for omlandet og som motor for regional utvikling.

#### **Merknad til målet:**

*Nordhordland skal ha attraktive og varierte bumiljø. Aksen Knarvik-Frekhaug skal vere eit sterkt sentrum, som saman med tettstadane i heile Nordhordland utgjer ein region med klar identitet.*

Vårt framlegg til mål under bumiljø og tettstadutvikling er:

Nordhordland skal ha attraktive og varierte bumiljø. Knarvik skal vere eit sterkt regionsenter. Aksen Frekhaug-Knarvik skal utviklast med urbane kvalitetar.

Konkret til handlingsplanen:

I samarbeid med planavdelingane lage strategiar for korleis utvikle, skape rom for sosiale møteplasser i plansak og i reguleringsplanhandsaminga.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Kristin Nåmdal  
samfunnsplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Nordhordland Utviklingselskap IKS    Kari Evensen  
Natland